

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014

**Terje Søviknes** sette fram slikt forslag:

"Tillegg til punkt 4:

Fylkesutvalet meiner imidlertid at det bør vere opp til den enkelte kommune å vurdere avgiftsnivået for el- og hydrogenbilar på kommunale parkeringsplassar."

### Røysting

Innstillinga punkt 1-3 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 4 første og andre setning vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 4 siste setning fekk 7 røyster (A, SP, SV, KrF) og fall.

Søviknes sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, 3 H) og fall.

Innstillinga punkt 5 fekk 7 røyster (A, SP, SV, KrF) og fall.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om nytt felles parkeringsregelverk for offentlig og privat parkering. Det er viktig å sikra føreseielege og like rammevilkår i parkeringsbransjen, både ut frå omsynet til dei parkerande og ut frå omsynet til konkurransen mellom parkeringsselskapa.
2. Fylkesutvalet er særleg nøgd med at parkeringstilhøva for rørslehemma vert betra for å sikra mobilitet og tilgjenge, jf. forslaga om krav om tilrettelagte plassar, utvida fjerningsadgang og sats på kr. 900 for overtreding av vilkåra på plass reservert for rørslehemma med parkeringsløyve.
3. Fylkesutvalet meiner at forslaget til nye og differensierte gebyrsatsar i større grad enn før tek omsyn til alvorsgraden i overtredinga, noko som er bra for å sikra oppslutnaden om og legitimiteten til parkeringsregimet.
4. Fylkesutvalet viser til målet i "Klimaplan for Hordaland" om at 40 % av alle lette køyretøy skal gå på ikkje-fossile drivstoff innan 2030. Framleis betalingsfritak for parkering av el- og hydrogenbilar på kommunale parkeringsplassar med avgift og det generelle kravet om å tilby ladepunkt, er naudsynnte positive incitament for å stimulera til auka bruk av slike køyretøy.